



DET KONGELEGE
SAMFERDSSELSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 29

(2003–2004)

Om endring av løyvingar mv. for 2003 på Samferdselsdepartementets område

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet av 14. november 2003,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Innleiing

Samferdselsdepartementet legg i denne proposisjonen fram ein del saker under programkategoriane 21.20 Luftfartsformål, 21.30 Vegformål, 21.50 Jernbaneformål og 22.10 Post og telekommunikasjonar, samt under Andre saker.

Proposisjonen gjeld desse sakene:

Under 21.20 Luftfartsformål

- Samferdselsdepartementet foreslår å redusere kap. 5619, post 80 Renter, med 29,1 mill. kr.

Under 21.30 Vegformål

- I samband med avsluttinga av kap. 1320, post 24 Statens vegvesens produksjon, orienterer departementet om vegvesenets underskot for arbeid utført for fylkeskommunane og vidare oppfølging av saka.
- Departementet orienterer om at delar av midlar løyvd i 2003 til kollektivtrafikk på kap. 1320, post 30 Riksveginvesteringar, i Hordaland vil bli nytta til driftstilskot for utvida ruteproduksjon.

- Det blir foreslått å auke løyvinga på kap. 4321, post 70 Overdraging av eigedelar til selskapet med 67 mill. kr fordi skattetrekk for november og desember 2002 for Mesta AS blei betalt av Statens vegvesen.
- Stikkordet «kan overførast» blir foreslått tilføydd kap. 1322, post 91 Lån.
- Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1322, post 92 Kapitaliserte renter, med 4 mill. kr og å tilføye stikkordet «overslagsløyving» på posten.

Under 21.50 Jernbaneformål

- Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1350, post 23 Drift og vedlikehald, med 20 mill. kr.
- Det blir foreslått å auke løyvinga på kap. 1350, post 25 Drift og vedlikehald av Gardermobanen, med 10 mill. kr.
- Samferdselsdepartementet foreslår å løyve 300 mill. kr i egenkapital til Flytoget AS.
- Det blir foreslått endring i løyvingar som følgje av oppretting av eit interimsselskap i samband med arbeidet med å omdanne eininga BaneService i Jernbaneverket til aksjeselskap.

- Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 5671, post 81 Utbyte, med 16 mill. kr.

Under 22.10 Post og telekommunikasjonar

- Samferdselsdepartementet foreslår å redusere kap. 5618, post 80 Utbyte, med 54 mill. kr.

Under andre saker:

- Det blir gjort greie for omfanget og bruk av gebyrer til å finansiere lov- og forskriftsarbeid på Samferdselsdepartementets område.

2 Programkategori 21.20 Luftfartsformål

Kap. 5619 Renter av lån til Oslo Lufthavn AS

Post 80 Renter

Oslo Lufthavn AS skal i tre år frå og med 2003 ikkje betale avdrag på statslåna. Renter skal betalast på vanleg måte. Endringar i renta i seinare tid gjer at rentene på den del av selskapet sitt statslån som er knytt opp mot NIBOR-renta, blir lågare. For 2003 vil rentene bli 433,9 mill. kr, noko som er 29,1 mill. kr lågare enn i saldert budsjett 2003. Samferdselsdepartementet foreslår derfor at løvinga på kap. 5619, post 80 Renter, blir redusert med 29,1 mill. kr, frå 463 mill. kr til 433,9 mill. kr.

3 Programkategori 21.30 Vegformål

Kap. 1320 Statens vegvesen (jf. kap. 4320)

Post 24 Statens vegvesens produksjon

Kap. 1320 Statens vegvesen, post 24 Statens vegvesens produksjon, blei avslutta pr. 31. desember 2002 pga. etableringa av Mesta AS frå 1. januar 2003. Statsrekneskapen for 2002 for post 24 viste i utgangspunktet ei meirutgift på kr 241 740 742. Handsaminga av meirutgifta på post 24 for 2002 er omtalt i St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 1 (2002–2003), der det m.a. står:

«Departementet ser det som naturleg at det skjer en avregning mellom post 24 og postene 23 og 30 i 2002, slik at post 24 styres mot avkastningskravet i statsbudsjettet for 2002. Dersom det skulle oppstå et større underskudd på post 24 i 2002, vil dette redusere disponibel ramme for postene 23 og 30 i 2003. Dette vil kunne få konsekvenser i forhold til planlagt gjennomføring av prosjekter samt redusert aktivitet innen drift og vedlikehold.»

På denne bakgrunn blei meirutgifta på kr 241 740 742 delt med kr 147 140 394 på post 23 Trafikktilsyn, drift og vedlikehald og kr 94 600 348 på post 30 Riksveginvesteringar. Delinga mellom post 23 og 30 byggjer på den omsetnaden produksjon hadde mot desse postane i 2002.

Hovudårsaka til meirutgifta på post 24 er rekneskapsmessige forhold knytte til etableringa av Mesta AS. Noko gjeld også underskot i arbeid utført for fylkeskommunane for 2002. Staten hadde til saman eit krav på 40 mill. kr mot 12 fylkeskommunar. På den andre sida hadde fire fylkeskommunar eit krav på 7 mill. kr mot Statens vegvesen som vegvesenet har betalt.

Praksis har vore at underskot frå tidlegare år skulle dekkjast inn over tre år ved justering av prissetting i Statens vegvesens produksjonsavdeling. Då produksjonsrekneskapen blei endeleg avslutta i 2002, fall dette prinsippet bort.

Samferdselsdepartementet vil be dei 12 fylkeskommunane å betale underskotet på til saman 40 mill. kr til Statens vegvesen. Departementet vil utarbeide ein tilbakebetalingsplan.

Post 30 Riksveginvesteringar

I samband med statsbudsjettet for 2003 blei det løyvd midlar til kollektivtrafikktiltak til Hordaland over kap. 1320, post 30 Riksveginvesteringar. Fylkeskommunen ønskjer å disponere 4,75 mill. kr av desse midlane til driftstilskot for utvida ruteproduksjon på stamrutenettet i Bergen. Statens vegvesen ønskjer på si side at midlane skal disponerast til ny terminal på Frekhaug og busshaldeplassar på rv 555 i Fjell sentrum. Fylkeskommunen og vegvesenet er elles samde i disponeringa av kollektivmidlane.

Etter ei samla vurdering går Samferdselsdepartementet inn for at kap. 1320, post 30 Riksveginvesteringar, blir belasta med 4,75 mill. kr i 2003 som eit driftstilskot for utvida ruteproduksjon på stamrutenettet i Bergen. Bruk av desse midlane til vidareføring av utvida ruteproduksjon må sjåast på som eit ekstraordinært tiltak i eit enkeltstående år. Prioriteringar av bruken av slike midlar vil med forsøket med alternativ forvaltningsorganisering av transportsystemet i Bergen måtte gjerast av Bergen kommune i samarbeid med Hordaland fylkeskommune f.o.m. 2004.

Kap. 4321 Avslutning av produksjonsverksemda i Statens vegvesen

Post 70 Overdraging av eigedelar til selskapet

Det er i opningsbalansen for Mesta AS sett av midlar for skattetrekk i november og desember 2002

for tilsette som blei førte over til Mesta frå produksjonsverksemda i Statens vegvesen, basert på at selskapet skulle betale dette i 2003. Hausten 2002 satte likevel på vanleg måte Statens vegvesen av midlar til skattetrekk og betalte det i januar 2003. Mesta AS skal derfor gjere opp for den avsetjinga som er gjort for dette i opningsbalansen.

Statens vegvesens betaling av skattetrekket i 2003 har ikkje hatt konsekvensar for vegvesenets aktivitet og budsjett i 2003.

I samsvar med opningsbalansen er det likevel ikkje tvil om at Mesta AS skal betale dette beløpet. Samferdselsdepartementet foreslår at innbetalinga av skattetrekket frå Mesta AS på 67 mill. kr blir budsjettert på kap. 4321, post 70. Løyvinga på denne posten blir dermed auka frå 300 mill. kr til 367 mill. kr.

Kap. 1322 Svinesundsforbindelsen AS

Post 91 Lån

I St.prp. nr. 65 (2002–2003) blei det foreslått å tilføye stikkordet «kan overførast» på post 91 Lån, slik at eit eventuelt lågare trekk enn den årlege løyvinga til lån til Svinesundsforbindelsen AS kan overførast til påfølgjande år. I Innst. S. nr. 260 (2002–2003) er ikkje dette stikkordet tilføydd løyvinga på posten. Departementet går ut frå at dette er ein feil og foreslår at stikkordet «kan overførast» blir tilføydd løyvinga på kap. 1322, post 91 Lån.

Post 92 Kapitaliserte renter

Løyving til kapitaliserte renter det enkelte år for lånet til Svinesundsforbindelsen AS vil vere eit overslag, basert m.a. på marknadsrente på statspapir. I samband med handsaminga av revidert nasjonalbudsjett for 2003 blei det løyvd 12 mill. kr til kapitaliserte renter på ein ny post 92, jf. St.prp. nr. 65/Innst. S. nr. 260 (2002–2003). Utviklinga i rentemarknaden fører til at dei kapitaliserte rentene blir lågare enn venta. Samferdselsdepartementet foreslår derfor at løyvinga på kap. 1322, post 92 Kapitaliserte renter, blir redusert med 4 mill. kr, frå 12 mill. kr til 8 mill. kr.

I St.prp. nr. 65 (2002–2003) blei det foreslått å tilføye stikkordet «overslagsløyving» på post 92. I Innst. S. nr. 260 (2002–2003) er ikkje dette stikkordet tilføydd løyvinga på posten. Departementet går ut frå at dette er ein feil og foreslår at stikkordet «overslagsløyving» blir tilføydd løyvinga på kap. 1322, post 92 Kapitaliserte renter.

4 Programkategori 21.50 Jernbaneformål

Kap. 1350 Jernbaneverket (jf. kap. 4350)

Post 23 Drift og vedlikehald

Det er behov for å auke løyvinga til drift og vedlikehald av Gardermobanen, jf. omtale under post 25. På denne bakgrunn og av budsjettmessige omsyn, foreslår departementet å redusere løyvinga på kap. 1350, post 23 Drift og vedlikehald, med til saman 20 mill. kr, frå kr 2 969 603 000 til kr 2 949 603 000. Samferdselsdepartementet legg opp til at Jernbaneverket kan avgjere omdisponeringar på posten.

Post 25 Drift og vedlikehald av Gardermobanen

Løyvinga til drift og vedlikehald av Gardermobanen skal dekkjast opp av innbetaling av køyrevegsavgift på kap. 4350, post 07 Betaling for bruk av Gardermobanen, jf. St.prp. nr. 52/Innst. S. nr. 237 (1999–2000). Ved handsaminga av St.prp. nr. 65/Innst. S. nr. 260 (2002–2003) blei løyvinga på kap 1350, post 25 og kap. 4350 post 07, redusert til 70,7 mill. kr, basert på venta trafikk på Gardermobanen i 2003 og avgifta som var fastsett for bruken av banen på 16,30 kr pr. togkm.

Samferdselsdepartementet legg framleis til grunn at drift og vedlikehald av Gardermobanen skal dekkjast av kjøyrevegsavgifta for bruk av banen i samsvar med føresetnaden i St.prp. nr. 52 (1999–2000). Av ymse grunnar kan utgiftene til drift og vedlikehald av banen variere frå år til år. Avgifta skal dekkje kostnadene til drift og vedlikehald av banen. Løyvinga på kap 1350, post 25, er for lita til å oppretthalde eit nødvendig nivå på drift og vedlikehald av Gardermobanen i 2003. Samferdselsdepartementet foreslår å auke løyvinga på kap. 1350, post 25 Drift og vedlikehald av Gardermobanen, med 10 mill. kr, frå 70,7 mill. kr til 80,7 mill. kr.

Eigenkapital til Flytoget AS

Ved handsaminga av St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 2/Budsjett-innst. S. nr. 13 Tillegg nr. 3 (2002–2003) vedtok Stortinget å overføre eigarskapet til Flytoget AS frå NSB AS til staten ved Samferdselsdepartementet frå og med 1. januar 2003. Ein konsekvens av overføringa var at selskapet måtte refinansiere i den private lånemarknaden dei låna det hadde i NSB-konsernet. Det viste seg at selskapet fekk store vanskar med å refinansiere låna sine. Berre Den Norske Bank ASA (DnB) var villig til å inngå ei låneavtale med selskapet. På grunn av den låge ei-

genkapitalen i selskapet var DnB likevel ikkje villig til å inngå ei langsiktig låneavtale med selskapet.

Flytoget underteikna 23. desember 2002 ei kort-siktig låneavtale med DnB på eitt år på til saman 950 mill. kr. DnB stilte som eit krav for å forlengje låneavtala ut over eitt år at selskapet fekk auka sin eigenkapital med 250 mill. kr i 2003. Utan den kort-siktige låneavtala ville selskapet ikkje ha vore betalingsfør. På denne bakgrunn søkte styret i Flytoget Samferdselsdepartementet om auka eigenkapital på 250 mill. kr saman med eit ansvarleg lån på 145 mill. kr.

Flytoget sine sonderingar i lånemarknaden dette året viser at bankane framleis ikkje er villige til å yte lån til selskapet utan at det blir gjort noko med den finansielle situasjonen i selskapet. I 2002 hadde Flytoget eit driftsresultat før avskrivningar på 86 mill. kr og ein negativ kontantstraum frå drifta på 19 mill. kr. I følgje bankane er dette ikkje godt nok i forhold til eit lån på 950 mill. kr.

Det er viktig å leggje tilhøva til rette slik at Flytoget kan få på plass ei langsiktig finansieringsløyving med ein tilfredsstillande eigenkapital. Forslaget om meirverdiavgift på persontransport med 6 pst. utgåande avgift, at el-avgifta blir teken bort og den positive utviklinga i rentemarknaden, vil medverke positivt til Flytoget sitt driftsresultat i åra som kjem. Dette har likevel liten verknad på den finansielle situasjonen i selskapet på kort sikt og behovet for auka eigenkapital. Regjeringa legg derfor opp til at selskapet får tilført ny eigenkapital frå staten med 300 mill. kr. Auka eigenkapital gjer det mogleg for Flytoget å kunne forlengje/refinansiere låna sine.

Eigenkapitaltilføringa vil bli følgd opp ved krav til marknadsmessig avkasting på eigenkapitalen i selskapet. Nytt reknestykke med utgangspunkt i Flytoget sin langtidsplan for 2003–2007 viser at selskapet vil kunne få overskot i 2005, og at avkastinga på eigenkapitalen vil kunne bli tilfredsstillande i løp av fem år.

Regjeringa går ikkje inn for å godta søknaden om eit ansvarleg lån på 145 mill. kr, då det er viktig å halde fast på prinsippet om at Flytoget skal ta opp låna sine i den private lånemarknaden. Dette vil gi ei tett oppfølging frå lånegivar og auka kapitaldisiplin i selskapet. Det er også av betydning at ei kapitaltilføring ikkje blir av ein slik storleik at ho svekjer fokuset selskapet skal ha på kostnadseffektiv drift.

På denne bakgrunn foreslår Samferdselsdepartementet å løyve 300 mill. kr på nytt kap. 1352 Flytoget AS, post 96 Eigenkapital.

Omdanning av BaneService i Jernbaneverket til aksjeselskap – oppretting av interimsselskap

Jernbaneverket har organisert det tyngre vedlikehaldet og anleggsverksemda knytt til sporarbeid i den interne forretningsverksemda BaneService. BaneService blei oppretta i 1992 og har konkurranse frå private entreprenørar. For å sikre mest mogleg like konkurransevilkår og for å leggje tilhøva til rette for arbeidet med effektivisering av Jernbaneverket, foreslår Regjeringa at det blir arbeidd med å omdanne BaneService til eit statleg eigd aksjeselskap. Regjeringa tek sikte på å omdanne BaneService til aksjeselskap 1. juli 2004. Det vil også bli arbeidd med sikte på å selje verksemda på eit seinare tidspunkt.

I første omgang foreslår Samferdselsdepartementet å opprette eit interimsselskap med ein aksjekapital på 100 000 kr. Selskapet skal ikkje ha tilsette eller andre eignedelar. Formålet med eit interimsselskap er å leggje tilhøva til rette for at omdanninga kan gjerast enklare, og at selskapet etter omdanninga blir operativt frå første dag. Styret for interimsselskapet skal lage ein strategiplan for selskapet som kan leggjast til grunn for BaneService som aksjeselskap. Det vil vere behov for midlar til å dekkje utgifter i interimspanperioden t.d. godtgjersler av ymse slag og konsulentutgifter. Samferdselsdepartementet kan ikkje no talfeste desse utgiftene og foreslår derfor at departementet får fullmakt til å utgiftsføre driftsutgifter for interimsselskapet på nytt kap. 1355 BaneService, post 70 Tilskot til drift, mot tilsvarande innsparing under kap. 1350, post 23 Drift og vedlikehald. Dei faktiske utgiftene vil departementet kome tilbake til i samband med forslag om å omdanne BaneService til aksjeselskap, eller seinast i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2004. Departementet foreslår også å løyve 100 000 kr i eigenkapital til interimsselskapet på kap. 1355, post 96 Eigenkapital.

Kap. 5671 Renter og utbyte frå BaneTele AS

Post 81 Utbyte

Det er for 2003 løyvd 16 mill. kr på Samferdselsdepartementets kap. 5671, post 81 Utbyte. Eigarskapet til BaneTele AS blei 20. desember 2002 overført frå Samferdselsdepartementet til Nærings- og handelsdepartementet. Dette medfører at eventuell innbetaling i 2003 av utbyte frå BaneTele AS vil bli inntektsført på kap. 5656 Aksjer i selskap under Nærings- og handelsdepartementets forvaltning. Samferdselsdepartementet foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 5671, post 81 Utbyte, med 16 mill. kr, frå 16 mill. kr til kr 0.

5 Programkategori 22.10 Post og telekommunikasjonar

Kap. 5618 Innskotskapital i Posten Norge AS

Post 80 Utbyte

For 2003 er det løyvd eit utbyte på 54 mill. kr på kap. 5618, post 80 Utbyte. Det er lagt til grunn at det skal betalast eit utbyte på 30 pst. av overskotet i Posten Norge AS etter skatt året før.

Rekneskapan for Posten Norge AS for 2002 viste eit underskot på 43 mill. kr. I St.prp. nr. 67 (2002–2003), jf. Innst. S. nr. 272 (2002–2003), gjekk Regjeringa av finanspolitiske grunnar likevel inn for å halde fast ved løyvinga på 54 mill. kr. Regjeringa har vurdert saka på nytt og har kome til at det ikkje er grunnlag for å krevje utbyte frå Posten i 2003. Departementet foreslår derfor å redusere løyvinga på kap. 5618, post 81 Utbyte, med 54 mill. kr, frå 54 mill. kr til kr 0.

6 Andre saker

Omfang og bruk av gebyr til å finansiere lov- og forskriftsarbeid på Samferdselsdepartementets område

I Innst. O. nr. 84 (2002–2003), jf. Ot.prp. nr. 40 (2002–2003), bad samferdselskomiteen «Regjeringa komme tilbake til Stortinget med en redegjørelse om omfang og bruk av gebyr til å finansiere lov- og forskriftsarbeid på Samferdselsdepartementets område, med særlig vekt på avgrensninger i forhold til hva slags myndighetsarbeid som kan inngå i gebyrene».

Samferdselsdepartementet har ingen gebyrordning for å finansiere sitt lov- og forskriftsarbeid. Innafor veg og jernbane blir det heller ikkje nytta gebyr for å finansiere lov- og forskriftsarbeid.

Post- og teletilsynet er, med eitt unntak (ansvaret for Radiostøykontrollen), sjølvfinansiert. Tilsynet sitt arbeid med lover og forskrifter, under dette lover og forskrifter fastsette av departementet og tekniske forskrifter fastsette av Post- og teletilsy-

net, inngår i sjølvfinansieringa. Denne aktiviteten reknar ein for å vere ein del av, og grunnlag for, verksemda i Post- og teletilsynet. Dette er i tråd med det som er handsama av Stortinget. Post- og teletilsynet reknar med at det går med 5–10 årsverk til dette arbeidet. Ressursbruken vil kunne variere frå år til år.

Det er lagt opp til at Luftfartstilsynet i prinsippet skal bli sjølvfinansierende, jf. St.meld. nr. 38 (1996–97) Norsk luftfartsplan 1998–2007. I St.prp. nr. 66 (1998–99) Om tilsyn og myndighet i luftfarten og om tilknytningsform for Luftfartsverket, blei det vidare peika på at departementet vil vurdere om også oppgåvene knytte til Luftfartstilsynet som styresmakt kan brukarfinansierast. Etter endringa i luftfartslova, jf. Ot.prp. nr. 40 (2002–2003), har Samferdselsdepartementet dermed fått heimel til å gi forskrifter om at flyselskap eller andre operatørar skal betale gebyr for å finansiere luftfartsstyresmaktas sitt arbeid med tryggleik innan luftfarten. Det er i nemnde odelstingsproposisjon vist til at lovendringa opnar for at m.a. regelverksarbeid, under dette utarbeiding av nye forskrifter og implementering av eit relativt sett omfattande internasjonalt regelverk, kan finansierast ved gebyrlegging av marknaden. Det er ikkje nærare avgrensa kva slags arbeid knytte til dei oppgåvene Luftfartstilsynet har som styresmakt som kan inngå i gebyra som skal finansiere arbeidet med tryggleik som tilsynet utfører. I St.prp. nr. 1 (2003–2004) for Samferdselsdepartementet er det foreslått å løyve 121 mill. kr til driftsutgifter for tilsynet. Dette inkluderer all verksemd i Luftfartstilsynet; inspeksjonar, adgangskontroll, tilsyn med verksemd, analyse, informasjon og regelverksutvikling. For gebyrinntektene er det for 2004 foreslått å løyve 87,6 mill. kr.

Samferdselsdepartementet

t i l r å r:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endring av løyvingar mv. for 2003 på Samferdselsdepartementets område.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endring av løyvingar mv. for 2003 på Samferdselsdepartementets område i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endring av løyvingar mv. for 2003 på Samferdselsdepartementets område

I

I statsbudsjettet for 2003 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1322		Svinesundsforbindelsen AS	
	92	Kapitaliserte renter, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med frå kr 12 000 000 til kr 8 000 000	4 000 000
1350		Jernbaneverket (jf. kap. 4350)	
	23	Drift og vedlikehald, kan overførast, kan nyttast under post 30, blir redusert med frå kr 2 969 603 000 til kr 2 949 603 000	20 000 000
	25	Drift og vedlikehald av Gardermobanen, <i>kan overførast</i> , blir auka med frå kr 70 700 000 til kr 80 700 000	10 000 000
1352 (ny)		Flytoget AS	
	96	Eigenkapital, blir løyvd med	300 000 000
1355 (ny)		BaneService	
	70	Tilskot til drift	0
	96	Eigenkapital, blir løyvd med	100 000

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
4321		Avslutting av produksjonsverksemda i Statens vegvesen	
	70	Overdraging av egedelar til selskapet, blir auka med frå kr 300 000 000 til kr 367 000 000	67 000 000
5618		Innskotskapital i Posten Norge AS	
	80	Utbyte, blir redusert med frå kr 54 000 000 til kr 0	54 000 000
5619		Oslo Lufthavn AS	
	80	Renter, blir redusert med frå kr 463 000 000 til kr 433 900 000	29 100 000
5671		Renter og utbyte frå BaneTele AS	
	81	Utbyte, blir redusert med frå kr 16 000 000 til kr 0	16 000 000

II

Stortinget samtykkjer i at:

- stikkordet «*kan overførast*» blir tilføydd løyvinga under kap. 1322 Svinesundsforbindelsen AS, post 91 Lån, i statsbudsjettet for 2003.
- stikkordet «*overslagsløyving*» blir tilføydd løyvinga under kap. 1322 Svinesundsforbindelsen AS, post 92 Kapitaliserte renter, i statsbudsjettet for 2003.

3. Samferdselsdepartementet i 2003 kan utgiftsføre utan løyving driftsutgifter som gjeld interimselskapet for BaneSevice på kap. 1355 BaneService, post 70 Tilskot til drift, mot tilsvarende innsparing under kap. 1350 Jernbaneverket, post 23 Drift og vedlikehald, *kan overførast, kan nyttast under post 30.*



Trykk A/S O. Fredr. Arnesen, November 2003